



Marina Solutions AS  
Ivar Aasen-gata 10  
6150 ØRSTA

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/14972 - 22/10681

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
06.02.2022

## Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 70/27 Feste

**Tiltak:** Flytebryggjeanlegg  
**Byggjestad:** Gbnr: 70/27  
**Tiltakshavar:** Feste Nærkjøp AS  
**Ansvarleg søkjar:** Marina Solutions AS

Alver kommune viser til søknad om ferdigattest for flytebryggeanlegg på gbnr. 70/27 Feste mottatt 20.09.2021, og samtale med ansvarleg søkjar seinare. Vi beklagar at saka ikkje vart følgd opp med skriftleg tilbakemelding.

### Mottakskontroll

Ved gjennomgang av søknaden om ferdigattest og samtale med ansvarleg søkjar er vi usikker på om søknaden om ferdigattest gjeld heile tiltaket som er godkjend i rammeløyve datert 14.06.2021.

Rammeløyvet omfatta følgjande 3 ulike brygger slik det går fram av rammeløyvet og framlegg til reguleringsplan revidert 26.05.2021:


*(...) Hovudbrygga ut mot leia får utriggarar med 20 båtplassar og skal nyttast av dei som har opplagsplass på land og av kundar til butikken. I tillegg skal det etablert ny flytebrygge i sør for bunkring av småbåtar og ei mindre brygge i nord. Eksisterande flytebryggeanlegg skal fjernast. (...)*

Vi ber om at det vert stadfesta at søknaden om ferdigattest gjeld heile tiltaket. Dersom søknaden ikkje omfattar heile tiltaket må det gjerast greie for ansvarsforhold for resterande del av det godkjende tiltaket, framdrift og slutt dato. Dersom delar av det godkjende tiltaket utgår må det også gjerast greie for det.

Dersom ikkje heile det godkjende tiltaket er ferdigstilt, kan kommunen kan berre gje mellombels bruksløyve.

Vi ber om tilbakemelding innan **01.03.2022**.

## Situasjonsplan/reguleringsplan revidert 26.05.2021



### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Kopi til:

Feste Nærkjøp AS

Feste

5912 SEIM

### Mottakarar:

Marina Solutions AS

Ivar Aasen-gata 10

6150 ØRSTA